



## Gode Lionsvenner i 104C

### Månadsbrev november 2021

Så kom vinteren, til stor glede for dei minste, men som den frysepinnen eg er, så klarer eg godt å styra mi begeistring. Desember er her og i mange år har denne tida på året vore den mest meiningsfulle for meg.



**Grunnen er Julekaravanen.** I frå listene med familiar blir fordelt, blir eg fylt av glede og takknemlegheit for at eg enno ein gong kan få lov å gle barn og familiar i Mariampole med litt ekstra til jul. Spreie litt juleglede i ein vanskeleg kvar dag til 48 familiar er så meiningsfullt. Pakkane til barna i «mine» familiar er på plass. Gode sponsorar og medlemmer har vore med og bidratt til at desse får fine gåver, som er både nyttige og kjekke. Eg har vore i familiar der barna aldri tidlegare har fått

julepresang, og eg har sett at barn ikkje veit korleis dei skal opna ein pakke med band. I ein familie med fem barn var det ikkje ein leike å sjå. Gleda hos guten på 3 år som fekk sin første leikebil kan ikkje beskrivast med ord. Eller då dei to gutane på 10 og 12 år fekk si første seng og slapp liggja på ei tynn madrass på det kalde golvet. **Tusen takk til prosjektgruppa for Julekaravanen** som også i år har gjort ein framifrå god jobb med planlegginga. No er det berre gjennomføringa som står igjen. Utan det gode samarbeidet med **LC Mariampole** kunne me ikkje gjennomført Julekaravanen. Så stor takk til dei. Fredag reiser me til Litauen og håpar på at det ikkje kjem restriksjonar som stoppar oss. Av dei 31 personane som reiser så er det 10 ungdommar. Dette er « **Service from the Heart** »

### Sidan sist



**Først av alt**, gratulera til **LC Fjaler** med fylte 50 år. I desse « Røde Fjær – tider » kan det nemnast at klubben bidrog sterkt til realiseringa av Haugland Helsesportsenter. «Lions Røde Fjær 1987» skapte det økonomiske fundamentet for senteret.

Gratulera også til **LC Bergen/Bergenhus** med fylte 55 år. Distriktet takkar begge klubbane for innsatsen så langt og ønskjer lykke til vidare med å gjera ein forskjell for dei som treng det.



**Saman får me til så mykje meir.**

Noko av det som gler meg mest er å lesa om aktivitetar i klubbane. Ingen aktivitet er for liten til å skriva om. Har de gode aktivitetar, bruk lokalavisa til å formidla desse. Eller bruk Facebooksida vår: **Lions Distrikt 104C**. Ver stolt av alt det flotte me gjer og del det med andre. Mange klubbar sel i desse dagar Lions- kalender. Andre har julemarked, julelotteri og julerebus. Besøk på sjuke- og aldersheimar er også tradisjon for mange klubbar. Sal av strøsand og fuglenek hører tida til. LC Haugesund/Tonjer har hatt ei vellykka bokmesse og LC Os kunne endeleg arrangera Utdanningsmesse igjen.

Dette var berre eit lite knippe gode aktivitetar i november.

## **Distriktet**



I helga som var, hadde Distriktet sitt andre styre- og rådsmøte dette Lionsåret. Denne gongen i Haugesund. Mange saker, mykje informasjon og gode diskusjonar. Rapportar frå sonene viser at mange klubbar har gode aktivitetar. Likevel misser me fleire medlemmer enn me klarer å rekruttera.

**Kva gjer me så med dette?** Jo, no må me ta eit skikkeleg grep rundt det å få tak i nye, gjerne yngre medlemmer og ein god plan for å halda på dei. Styrka eksisterande klubbar og stifta nye. Gjerne filialklubbar. Ta kontakt med medlemsansvarleg (GMT) i Distriktet , [jarle.rognerstad@gmail.com](mailto:jarle.rognerstad@gmail.com) , om du ønskjer informasjon eller hjelp til klubben din.

### **GMT, Jarle Rognstad, har ordet:**

*Lions klubber og medlemmer står bak utrolig mange gode prosjekter til hjelp for mennesker som er mindre heldig enn oss. I den sammenheng er det for meg en stor ære, og utrolig givende, å få lov til å besøke klubbene rundt om i distriktet. Samtalene og diskusjonene rundt medlemskap, klubbutvikling og medlemsverving skaper engasjement, som det absolutt bør.*

*Veldig mange klubber og soner har dette høyt oppe på agendaen, uten at det umiddelbart ser ut til å hjelpe. Er vi for «satt» i gamle metoder? Gjør vi det vi alltid har gjort, og forventer et nytt resultat?*

*Vi er dessverre i den situasjonen i Lions Norge i dag at medlemstallene synker, fort! Så også for vårt distrikt. Skal vi som organisasjon overleve er vi avhengig at vi alle bidrar med rekruttering. Kan vi alle være villige til å gjøre en innsats på det området som virkelig betyr noe for oss som organisasjon. Nemlig medlemsverving, -pleie og klubbutvikling. For uten at vi gjør en innsats her har vi snart ingen organisasjon å være medlem av.*

*Dersom dere trenger hjelp og innspill, eller ren støtte i prosessen. Ikke vær redde for å ta kontakt med ressurspersoner i distriktet som bistår der det trengs.*

## **Fredsplakten 2021**



Vinnarteikninga i fredsplakatkonkurransen 2021 i Distrikt 104C. Tema i år var " We are all Connected" Vinnaren er **Vinda Ahmad Doski** elev i 7B ved Buggeland skole i Sandnes. Takk til alle klubane og alle skulane som har engasjert seg i fredsplakatkonkurransen. Det var utruleg mange fine teikningar og veldig kjekt at nye skular også har delteke.

## Lions sentralt

Fredag 19. november var det Guvernørrådsmøte. Denne gongen på Beitostølen. Laurdagen feira Beitostølen Helsesportsenter 50+1 år og under festmiddagen der kunne Generalsekretær Hroar Thorsen endeleg «sparka» i gang Lions Røde Fjær – aksjonen. Under Beitosprinten på laurdagen fekk aksjonen vår mykje god PR i beste sendetid på NRK med både omtale og raud fjær på draktene til deltakarar og løypepatrulja.



Direktør på BHSS Astrid Nyquist og Generalsekretær Hroar Thorsen

## Lions Røde Fjær (LRF)

Startskuddet har gått og innspurten er i gang. Eg håpar at alle klubbane no planlegg aksjonen godt. Det er så viktig at me er synlege under aksjonsdagane **11-13 februar**. Gjerne ein stand, men viktigast av alt er at me går med bøsser. Folk har ikkje pengar, er eit argument for ikkje å gjera det. Fleire enn me trur har kontantar heime. På bøssene er det også eit Vipps – nummer og QR – kode. Alt som blir putta i bøssa på den eine eller andre måten, blir godskrive klubben din si innsamling. Det er sendt ut informasjon vedkomande pressemelding til alle klubbane om LRF. Følg gjerne lenka under:

[Knallstart på innspurten av aksjonen Lions Røde Fjær | Lions Norge \(mynewsdesk.com\)](#)

## Lions Aid Norway ( LAN)

På sist guvernørrådsmøte godkjente me ny funksjonsbeskrivelse for LAN. Den nye strategien for Lions Norge sitt utelandsengasjement er spennande og eg gler med til å sjå korleis dette blir i praksis. Har klubben din IRC? Det bør den ha for å få all informasjon om utlandsaktivitetane våre. Tveter er Distriktet sin fagperson for internasjonalt arbeid (IRC) men også Lions Norge sin (MD-IRC). [lars@ennte.no](mailto:lars@ennte.no)

## IRC Lars Tveter har ordet

*Organisering av LAN (Lions Aid Norway) betyr organisering av hvordan utenlandsvirksomheten i Lions Norge skal drives. Denne aktiviteten er nå styrket ved at Lions har ansatt en Utenlandssjef, og dette har igjen resultert i at LAN som organisasjonsform har vært gjennomgått av en komite som har sett på funksjonsområder og grensesnitt. Innstillingen fra komiteen er nå godkjent på siste GRM og arbeidet med å iverksette de anbefalinger som ligger i vedtaket vil nå starte. I forhold til rollen som MD IRC (og IRC i C distriket) er det fortatt understreket at hovedoppgaven er å skape forståelse for bistandsarbeid i medlemsmassen. Dette består i å samle soner og klubber rundt LANs internasjonale målsetninger og synliggjøre hvilke gode formål innsamlede midler brukes til. Derfor er det viktig at IRCene i distrikten utvikler IR korpset ved å "rekryttere" medspillere i soner og klubber som gode budbærere i forhold til Lions internasjonale prosjekter. Sender herved en oppfordring til klublene om å identifisere IR kandidater og melde tilbake.*

*En viktig strategi i LAN sammenheng for den perioden som ligger foran oss er konsentrasjon av aktiviteten ved å bygge videre på det gode arbeid vi allerede har gjort internasjonalt. Utvikling av lokalsamfunn er et bærende begrep i denne sammenheng. Det er derfor svært gledelig at LC Sandnes/Riska har valgt å samarbeide videre med lokalsamfunnet i Koch Amar i Uganda for å øke inntektsmuligheter og levebrød for familiene i området. Prosjektet åpner også for mange komplementære prosjekter (eksempelvis innen skole, vann, utdanning, helse etc.) som soner og klubber kan ta del i. Her også er det bare å gi tilbakemelding!*

## **Campaign 100**

Det er gledeleg å sjå at mange klubbar deler ut Melvin Jones Fellow med raus hand. Dette er ein fin måte å heidra medlemmer som har gjort ein ekstra innsats i klubben. I tillegg så støttar ein opp om LCIF . Eg trur det er mange medlemmer som vil få seg ei gledeleg overrasking på julemøtet i år. Veldig kjekt og veldig fortent.

## **På val til våren**

Eit år går fort. For eit par dagar sidan sende eg ut til alle medlemmer ei oppfordring om å senda inn forslag på kandidatar til tillitsvalde i Distriktet som skal veljast på Distriktsmøtet i april. Tenk på om du kunne tenkt deg eit av verva eller så kan du sjølvsgåt føreslå ein annan medlem. Det er også mange sonar som treng soneleiarar framover. Eit verv i Distriktet er både kjekt og lærerikt.

**Til slutt** vil eg ønskja alle ei fin førjulstid med mange gode Lions-aktivitetar. Jula er tida for omtanke og å ta vare på dei som har utfordringar i kvarvagen. Det er ekstra godt å veta at mange Lionsklubbar i Distriktet støttar opp om vanskelegstilte familiar med litt ekstra til jul. Ikkje berre i Marijampole men også her hos oss.

**" Kindness Matters"**



**Beste lionshelsing frå  
Gunnhild Rein Almås  
Distriktsguvernør 104C 2021-2022  
Telefon 90 79 67 47  
[c.dg@lions.no](mailto:c.dg@lions.no)**